

Referat frå foreldremøte 4. klasse

Dato: 28.april 2016

Stad: Hordabø skule

Desse møtte: Anne Katrine, Arve, Ståle, Gro, Grete, Peter, Knut Magnus og Ann-Kristin

1. Val av -klassekontakt : Peter Sødermann (2 år)

-FAU: Knut Magnus Haugland (1 år)

-Vara: Gro Håland

2. Lesestimulering

Kristin snakkar litt om kor viktig det er å stimulera elevane til lesing.

Skulen gjer dette med leselekse, les fagbok, høgtlesing, bibliotek, lesekvar, veileda lesing.

Det vert lesekurs for dei elevane som treng dette tidleg på hausten i 5. klasse.

3. Skule-heim-samarbeid

Dette forventar lærarane:

1.) Møte presis

2.) Gje beskjed om eleven ikkje kjem / eller er sein.

Evt. om det er andre ting som t.d. om eleven ikkje har gjort lekse.

3.) Gjer leksjer.

4.) Føl reglar og rutinar. (Klasseregler/skuler reglar)

5.) Har med seg naudsynt utstyr.

6.) Snakkar positivt om skulen og viser respekt for medelevar og vaksne.

4. FAU, Knut Magnus informerte litt om dette:

- Tysdag 24. mai klokka 19.00-21.00 vert det foredrag av «Barnevakten» for alle i gym salen på skulen.

Tema er *Digital mobbing og surfing med hovud*, der ein fokuserer på kva foreldra kan gjera for å hjelpe borna sine.

- For å få inn pengar til fau er det arrangert to disco.

Dette var populært og vellykkja. ☺

- Kjøkkenet ved gym salen skal oppgraderast litt. Det er satt av 2000kr til dette, men mulig det går meir sidan 1 kokeplate ikkje virka.

- Det er ønske om å legga kunstgras på fotballbana.

Dette er ein stor kostnad (150 000-200 000kr) Nokon foreldre jobbar her med å finne ut om det er mogeleg å få pengar til dette på noko vis. Har du tips her, kontakt Knut Magnus Haugland.

- Det har vore nokre tilfelle der elevar har vorte utrygg og redd når dei tar buss til og frå skulen.(Bussar kjører fort, har kjørt utfør, sjåførar som ikkje kan språket så godt) Dette er ikkje fau sitt ansvar, men skulen seier Knut.

- Korleis kan foreldre ved Hordabø skule få referat frå fau-møter? Forslag: den som sitt i fau i kvar klasse kan vidaresende referatet til alle foreldra i sin klasse.

5. Nasjonale prøvar.

Klassen øver seg til desse alt no.

Difor er det mykje hefter og kopiar i lekser for tida.

I prøvane er det mykje tekst som elevane må lese, og mange oppgåver.

Det ligg nokon eksempel på udir.no si side → nasjonale prøvar → eksamensoppgåver

6. Mobbing

-Kristin snakka litt om kva mobbing er, og at me foreldre må hjelpe elevane å skilje mellom kva mobbing er og noko som skjer ein gong...

-Skulens tiltak: Zero samling, klassemøte, elevamtalar, observera og rettleia elevar, inspeksjon, loggføring, skule-heim-samarbeid

7. Klassemiljø

-Det er eit godt miljø og dei er ein flott gjeng.

-Dei jobbar godt, det er som regel god arbeidsro.

-Klassen er munnleg aktiv, men nokon kan bli flinkara å engasjere seg.

-Alle les høgt i klassen.

-Nokon snakkar i munnen på lærarane.

-Flink å inkludera kvarandre

Kristin har kontakta dei det gjeld som må jobba litt med nokon av desse punkta.

8. Elevundersøking

Dette er ei undersøking alle i 7. klasse i Noreg tar kvart år. Dei to siste åra har me sett forbetring i våre resultat her.

I år ser me Hordabø har høge verdiar på t.d.: Støtte frå lærarane, vurdering for læring, læringskultur, elevdemokrati og medverknad, felles reglar og trivsel.

9. Vår 4. klasse

- Steinaldersti 27.april → Vellykka tur. ☺
- Matematikkdag 4. mai
- Vilvite 2. juni, reiser med buss med 3. og 7. klasse.
- Feller tur til Byngja for småskulen i veke 23 eller 24
- Idrettsdag? -muligens på slutten av året
- «Vårt lokalsamfunn»
- Heimebesøk til Kristin?
- Overnatting i gymsalen. Dette var det ikkje så stor stemning rundt. Me tar ein grillfest slik me har gjort tidlegare år. Sett av måndag 13. juni klokka 17.00
- Teatertilbud. Det vert delt ut lappar om teatertilbud , kvar heim må kjøpe og ordne med reise sjølv.

10. Ymse

Knut Magnus tar opp om nokon merkar stråling av mobilmasta som er komt på taket på gym salen. Ingen ved skulen har merka noko av dette.

Alle heimar har fått heim eit skriv der det sto: «Enkelte kan vera opptatt av strålefare i samband med at basestasjonar er plassert på offentlege bygg, Statens strålevern-som er fagstyremakt- har fastslege at det ikkje er noko strålingsfare knytt til slike stasjonar.»

Ann-Kristin Kvalheim (referent)

